



Ein fritidsbåteigar forvaltar store verdjar og det er viktig å vera best mulig skikka for oppgåva. Dette er båthamna i Uskedalen ein vårdag.  
(Foto: Ola Matti Mathisen)

**Kvinnheringane treng ikkje lenger reisa til Bergen eller Haugesund for å ta fritidsskipperkurs, for over påske inviterer Bergen Sjøskole til kurs over fire helger på AFA i Uskedalen. (13.-15. april, 27.-29. april, 11.-13. mai og ei helg til som vert avtale under kurset).**

Aldersgrensa er 18 år og siste påmeldingsfrist 10. april eller ved fullteikning.

Det er påkrevd med sertifikat som fritidsbåtskipper hvis ein skal føra båtar over 15 meter og inntil 50 bruttotonn.

Kurshaldar Tom Olsen held kurset på frivaktene sine frå jobben som kaptein i Tide Sjø og han opplyser til Grenda at kurset er på 120 timar og har seks deleksamenar.

Etter at dei er unnagjort, er det berre nødvendig med helseerklæring og dokumentasjon på at ein har ført fritidsbåt over åtte meter i over tre år før ein sender inn søknaden om sertifikat.

Kurset gjev formell kompetanse og mange tek det sjølv om dei har mindre båtar enn det kurset siktar seg inn på. Ein fritidsbåteigar forvaltar store verdjar og det er viktig å vera godt kvalifisert for oppgåva.